

BOKN BYGDABLAD

NR 4 - MAI 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

FORELDRE VIL HA NY BARNEHAGE I BOKN

På eit foreldremøte i barnehagen i april vart det vedtatt å senda eit notat til Bokn formannskap om den uroa foreldra har når det gjeld barnehagesituasjonen i kommunen. I dette notatet som også vart utdelt på siste kommunestyremøte, spør foreldra politikarane m.a. om kva barnehagetilbod kommunen skal ha etter sommaren 1995 når avdelinga i Alvestadkroken fell bort, og seier at dette må avklarast sa snart som råd.

Vidare påpeikar dei at barnehagedrift basert på så provisoriske løysingar som i Alvestadkroken ikkje er

ynskjegleg, og tilrår at dei planane som er utarbeidde om ny barnehage i tilknyting til skulen må realiserast. Foreldra viser til den store innflyttinga det har vore til kommunen, og den store etterspurnaden det har vore etter barnehageplass. Barnehageplass kan vera avgjerande når barnefamiliar vurderer kor dei skal bu. I 1994 har Bokn kommune store investeringar i sjukeheim, eldrebustader, kommunal vassforsyning til Are og skuleutbygging.



OMBYGGING AV SKULEN FOR 1,3 MILL. KRONER

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 28. april med 9 mot 6 røyster å investera 1,3 mill. kroner til sommaren. På budsjettet for 1994 var det sett av 800.000 kroner til dette prosjektet. Kommunen har seinare fått kr. 200.000 i tilskot frå Fylkesmannen, i tillegg til at fleirtalet i kommunestyret meinte det var rett å bruka overskotet frå 1993-rekneskapen til skuleutbygginga. Mindretalet ga uttrykk for at 1

million burde vera taket på utbygginga i denne omgang. Fleire ga uttrykk for at dei var betenkta over å bruka overskotet til skuleutbygginga før ein hadde anbudsprisane for sjukeheimsutbygginga på bordet. Sigurd Johnny Svendsen foreslo at saka burde utsetjast til anbudsprisen for sjukeheimsutbygginga er kjend i midten av mai. Dette forslaget fekk berre 6 røyster.

SAMLA PLAN FOR UTSLEPP I TETTSTADENE

Bokn kommune skal innan utgangen av året ha utbeidd ein samla plan for kloakkering når det gjeld Alvestadområdet. Ein slik plan må også utarbeidast for Føresvik-området.

Bakgrunnen for at dette nå er aktualisert er ein søknad frå Steinar Alvestad om utsleppsløyve frå 5 feriebustader, butikk og bustad. Tidlegare hadde teknisk hovudutval gitt løyve til utslepp på grunnlag

av at det var ei bruksendring. Dette godtok ikkje Fylkesmannen, og ga utsleppsløyve under forutsetnad av at kommunen ville utarbeida ein samla plan for utslepp i Alvestad-området.

Bokn kommunestyre vedtok i ekstra sak den 28. april å godkjenna dei vilkåra for å utarbeida ein samla plan for utslepp i Alvestadområdet som Fylkesmannen har stilt, og dermed er det gitt grønt lys for utslepp frå feriebustader m.v. i Alvestadkroken.

GOD SKATTEINNGANG

Bokn kommune sin del av skatteinntektene i 1993 var på kr. 6.659.743. Dette var ein auke frå året før på 15%.

Dei første mnd. i 1994 syner det seg at skatteinngangen framleis aukar. Faktisk er auken hittil i år 20% i forhold til 1993.

PROSJEKTVEKA -94 v/ BOKN SKULE

'Bokn - Kystkultur'

Den årvisse prosjektveka rundt emnet "Bokn - Kystkultur" vert i år i veke 19 ved skulen vår.

I år har me plassert denne veka i mai månad då me ynskjer å vere mykje ute desse dagane.

Det er svært ulike emne me har bestemt oss for dette året:
Småskulen m/6-åringane har "Bekkjen" som hovudemne. Den gamle Kvednabekkjen skal vere utgangspunkt for dei ulike aktivitetane. Elevane skal på synfaring til Kvednabekkjen og få høre om alle kvernhusa som stod langs bekkjen før i tida. Dei vil også få høre at bekkjen vart nytta til klesvask og leikeplass. Dei skal også lage barkebåtar/trebåtar, ta ulike vassprøvar, samle plantar og kryp og finne namn på det dei ser og finn.

Ein ekskursjon til Laupland er også på programmet. Der skal dei sjå på det gamle kvernhuset der og gå ein natursti i området der ute.

ETTERLYSING

I samband med "Kvednabekkjen" er me svært spent på om nokon bar bilet som viser noko av livet ved "bekkjen", særleg i samband med kvernhusa.

Dersom nokon har og vil låne desse til oss, vil me bli svært glade for det. Sjå etter i gamle album - kanskje det kan vere eit bilet frå nettopp dette.

4.,5. og 6. klasse gjer det heilt store

dette året. Eldre historie er viktig pensum på mellomsteget og slaget mellom Erling Skjalgsson og Olav den Heilage vekte interesse hos klassestyrarane. Me har nå bestemt at det stod i Kongshamn i 1028 og laga eit manus om historia.

Dette slaget vil 4., 5. og 6. klasse vise for oss andre på skulen, foreldre og andre interesserte fredag 13. mai i Kongshamn. Måndag, tysdag og onsdag i prosjektveka vil berre gå med til øvingar ute.

Ungdomsskulen vil også vere mykje ute. Skulen er påmeldt til "Coastwatch - Kystovervakning" prosjektet og vil overvake - registrere liv og funn i stranda frå Knarholmen/Sandvika og sørover. Dette vil me halde fram med seinare år.

Elles har me lyst til å gå opp att gamle stiar og gjere dei unge kjent med kor me gjekk for å koma fram før i tida. Det fine området kring Sandvika/Oksebåsen vil bli brukt til dette. Me vil også prøve å få lage til våre eigne samlingar av stein, plantar, skjell, treslag m.m. som me jkan nytte i undervisninga framover.

9. klasse har eit eige Bokn-prosjekt dei vil bruke ein del av. Dette brukar me fyrste gong i 1993.

Me gler oss til ei annleis skuleveke

Ingjerd Thuestad.

'SØSTER LISA'

For 42 år sidan, nærmere bestemt våren 1952 - fekk Lisa Våge (nå Bokneberg) eit spørsmål frå Bokn Sanitetsforening om ho kunne tenkja seg å arbeida i Bokn som sjukepleiar. Før dette hadde denne funksjonen vore ledig ei tid. Det var Olga Vatnaland som tidlegare hadde arbeidd som sjukepleiar i Bokn. Ho var utdanna sjukepleiar.

Lisa Våge hadde tidlegare hatt arbeid på gamleheimen i Bokn, men hadde nyleg gjennomført eit 4 mnd. samarittkurs ved sjukehuset i Haugesund. Lisa lova at ho skulle prøva seg i arbeidet i ein kortare periode. Denne perioden vart utvida, og alle boknarar som levde i den tida veit at 'søster Lisa' seinare vart eit begrep i kommunen. Sjølv om ho ikkje hadde sjukepleiarutdanning, utførde ho dette arbeidet som om ho aldri hadde gjort noko anna. Ho vart 'boknadoktoren', som visse legar sa.

I samtale med bygdabladet er Lisa heller beskjeden når ho fortel om arbeidet sitt i Bokn. Ho lurer på om me kan få noko ut av dette, og synes ikkje ho kan fortelja så mykje om arbeidet, sidan ho ikkje kan gå i detaljar. Men etter kvart får me kjennskap til litt av kvarldagen hennar då ho i ca. 15 år hadde dette arbeidet i Bokn. Målfrid Kro Trosnavåg som var formann i sanitetsforeninga i nokre år på denne tida, kan også fortelja om denne perioden.

Ein kan vel seia at Lisa var i vakt og bakvakt 24 timer i døgnet. Det var berre å ringa til Gerhard Sæbø der ho budde - så kom ho. Då som nå kunne ho ikkje utføre arbeidet utan å ta kontakt med lege. Ho ringde vanlegvis til distriktslegen i Kopervik og fekk nærmere instruks, men ofte måtte ho ringa fleire stader for å få tak i lege.

Dei første åra var det ein vanleg trøsykkel som var framkomstmidlet. Skulle ho til Ognøy eller Austre Bokn var det ofte pårørande til dei som var sjuke som frakta henne i motorbåt eller robåt. Ofte rodde ho også sjølv. Seinare kom det eit stort framsteg i kommunikasjonane: Ho fekk motorsykkel! Bokn kommune løvvde midlar til dette. Elles var det sanitetsforeninga som heldt henne med løn. Sanitetsforeninga fekk noko tilskot frå kommunen omrent ein gong i året. Men då motorsykkelen kom, vart det lettare for henne å koma fram. Men alle hadde ikkje telefon på den tida, så det var ikkje alltid like enkelt når nokon var sjuke. Av og til måtte pasientar fraktast til sjukehus. Det var ei sjukebåre i kvar av dei tri krinsane, og desse vart brukte. Til sjukehus bar det med rutebåt til Kopervik, Haugesund eller Stavanger. Ofte gjekk ein med fiskebåt eller anna båt dersom det hasta. Og Lisa var den som måtte organisera det heile, alt frå å få tak i

lastebil til å frakta båra i Bokn, snakka med lege, få tak i skyssbåt osv. Og så måtte ho sjølvsagt fylgja med sjukebåra og passa den sjuke. I dag står ei av desse korgbårene på Karmsund Folkemuseum i Haugesund!

Lisa fortel at oppgåvene hennar var omtrent dei same som helsetenesta i dag har. Det var berre den skilnaden at ho var heilt åleine, og avhengig av telefonkontakt med ein lege. Ein av desse var dr. Røe i Kopervik. Lisa hadde tydelegvis imponert han, for han let svært vel om det arbeidet ho gjorde.

Og ho var tru i arbeidet. Ho fekk stor tillit blant folk, og vart godt likt. Ho var også dyktig når det handla om folk si psykiske helse. Ho sette sprøyter når det var nødvendig, og sette klyper for å få det til å gro saman.

På den tida døydde dei fleste heime, og det var ikkje få netter Lisa vaka. Vart det lenge, kunne det t.d. henda

at naboar løyste henne av. Ho var såleis den som stelte dei sjuke og var med på og la dei i kista. Det var ikkje noko gravferdsbyrå i den tida ute på landsbygda.

Lisa fortel til bygdabladet at ho lika seg godt då ho arbeidde i Bokn, og synes det var ei gild tid. Ho slutta i 1966, men arbeidde også noko seinare for kommunen i vikariat. Såleis vart det til saman ca. 15 år.

I 1964 vart Lisa gift med Magnus Bokneberg, og budde på garden hans dei etterfylgjande åra. Han døydde i 1977.

Dei seinare åra har Lisa Bokneberg budd på Salhus i Karmøy. Her har ho kjøpt seg hus, og ho hadde også litt arbeid som heimehjelp den første tida ho budde der. Nå blir ho 74 år gammal til hausten, og er frå tid til anna på heimlege trakter i barndomsheimen i Våga kor ho får vera litt med på gardsarbeidet. Ho er svært glad i dyr, og her er det både sau, griser og det som elles hører til på ein gard.

RÅDYRJAKT I BOKN

Fylkesmannen i Rogaland har gitt løyve til åpning av rådyrjakt i Bokn kommune. Minstearealet er sett til 500 da., men vil dei første åra bli sett til 750 da. som ei prøveordning.

Vilt- og innlandsfiskenemnda

NÆRINGSKONSULENT I HALV STILLING

Bokn formannskap har tilsett næringskonsulent Stein Alendal i halv stilling i perioden 1. april -94 til 31. desember 1994. Tidlegare var stillingsandelen 1/4.

MINNEORD

Hagbart Bokneberg er død, 87 år gamal. Foreldre var Hanna og Lars Bokneberg, som flytte frå Karmøy til Bokn nokre år etter århundreskiftet. Dei busette seg då på Boknaberg. Det var 7 born i familien.

Hagbart var i yngre år på sjøen, både som fiskar og sjømann. Han vart gift med Dagny (Nedrebø) frå Nedrebø på Austre Bokn. Dei tok over heimagarden der ho var fødd, og dreiv denne i alle år. Hagbart var ein dyktig gardbrukar.

Hagbart var elles med i politisk arbeid i fleire år. Han var også med i styret for Bokn Sparebank.

Dei hadde 4 born som alle bur i Bokn. Det var eit stort sakn for Hagbart då ektefellen Dagny døydde i fjor sommar.

Etter Hagbart Bokneberg lever 4 barn, svigerbarn, barnebarn, oldebarn og 2 søskener.

Ragna Trosvåg er død, nær 85 år gammal. Ho var fødd på Nedrebø på Austre Bokn, og dei var 5 sysken. Foreldra var Lars og Gunhild Nedrebø.

I ung alder var Ragna nokre år utanom Bokn og arbeidde. Seinare flytte ho heim til garden og arbeidde der både i huset og på garden. Ho var flink til å arbeida.

I 1947 vart ho gift med Øystein

Trosvåg, og dei busette seg i Alvestadkroken. I eit par periodar hadde dei ei jente frå Tyskland som budde hos dei.

Ragna var aktivt med i fleire foreningar opp gjennom alle år, og la ned eit godt arbeid der. Ho var også med i anna kristeleg arbeid.

Ektefellen Øystein og to søstre lever etter henne.

Aslaug Våge (f. Syre), er død, 76 år gammal. Ho var fødd på Karmøy. Foreldre var Anna og Olav Syre. Mora døydde då Aslaug berre var småjente, og ho kom då til Boknaberg og budde hos besteforeldra kor ho også vaks opp. Ho arbeidde i ungdomen m.a. som hushjelp.

Rett etter krigen vart ho gift med Adolf Våge, og dei busette seg i Alvestadkroken. I desse åra var ho husmor. Ho var omgjengeleg og hadde god kontakt med folk i nabølaget.

I mange av dei seinare åra har helsa svikta, noko som dessverre gjorde henne svært redusert. Ho budde lenge ved sjukeheim i Kopervik, men kom til Bokn då kommunen fekk eigen sjukeheim i 1987. Ho har vore enke i over 30 år.

Ho har ikkje nærmere slekt etter seg enn syskenborn.

RETTING

Bokn Bygdablad beklagar at det kom inn feil namn på faren til Målfrid Øvrebø i minneorda om henne i siste bygdablad. Rett namn skal vera Daniel Jøsang.



BOKN KOMMUNE
KULTURKONTORET
4290 BOKN
Tlf.: 52 74 85 00

KULTURKALENDER

Arbeidet med første utgåve av ein kulturkalender i Bokn er i gong. Kalenderen vil denne gong ta for seg tida frå 1.7.94 til 31.12.94, og vil koma til alle husstandane i kommunen i ei eller anna form.

Kulturkalenderen skal m.a. gi informasjon til innbyggjarane om arrangement, kurs, bibliotek-opningstider, friluftsliv, samt ein oversikt over lag og organisasjonar i kommunen.

Dei ulike foreningar og lag er velkomne til å vera med å gi kalenderen eit breitt og informativt innhald ved å kontakta kulturkontoret om ting som skal skje, og som dei vil ha med i kalenderen.

Kulturkontoret utarbeider ein vekeplan for kvart skuleår der dei faste leigetakarane på Bokn skule er med. Vidare inneheld vekeplanen ein oversikt over nokre av dei faste fritidsaktivitetane i kommunen. Denne planen er sjølvsagt i kulturkalenderen.

FØREBELS FRIST FOR INNLEVERING AV MATERIALE: 6. JUNI

PIANOSTEMMING

Underteikna har kontakt med pianostemmar og pianoreperatør Trond Blix Lie i Haugesund. Han har no stemt og reparert ein del pianoer i kommunen. Der er kanskje andre i Bokn med piano som treng å få instrumentet stemt? Då kan dei ta kontakt med kulturkontoret. Pianostemmarane vil gjerne stemma fleire pianoer om gongen når dei er på farten, og me pleier å samla opp.




Eit piano bør stemmast kvart år dei 4-5 første leveåra. Etter er det anna kvart år til instrumentet er ca. 8-10 år. Når pianoet har stabilisert seg kan det gå lenger tid mellom stemmingane. Det er sjølvsagt forskjell på instrumenta, og alle tal er ca.-tal. Fuktigheten i lufta og kor pianoet er plassert i huset har også noko å seia. At pianoet ikkje skal stå ved yttervegg er eit kjent begrep, men dette gjeld berre gamle hus.

BOKN SKULEKORPS ER 30 ÅR!

1. mai 1964 blei Bokn skulekorps registrert som korps. At det er 30 år sidan skal sjølvsagt feirast. 18. og 19. juni blir det jubileumsfeiring for heile bygda, og 24. juni reiser korpset på jubileumstur til England.

Det vil komma meir om programmet for jubileumshelga i neste nr. av "Bokn Bygdablad".


Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

FARE FOR DÅRLEGARE BARNEHAGETILBOD!

Blir det ikkje snart gjort noko, er det stor fare for at Bokn får eit dårlegare barnehagertilbod neste år! Dette skjer trass i at søkjartalet til barnehagen berre aukar år for år, i fjar var der 35 søkjrarar, i år 50, til neste år kan det bli endå fleire. Samstundes kan talet på plassar bli redusert - om politikarane i Bokn ikkje reagerer snart og får gjort noko for å fylgja opp dei lovnadene dei før har kome med.

Barnehagen i Alvestadkroken har som kjent berre løyve frå Arbeidstilsynet til å driva fram til sommaren 1995 - då er det slutt. Dette har kommunen vore klar over eit års tid, men tilsynelatande er ingenting gjort for å redda seg ut av situasjonen som vil oppstå. Det hastar difor!

Styret i Bokn Arbeidarparti har drøfta denne saka, og det er heilt uråd for oss å godta ein reduksjon av tilboden. Eit godt barnehagertilbod er nødvendig for å få fleire til å busetja seg i kommunen, for å hindra at unge familiar vel å flytta ut, for å sikra kommunen kvalifiserte arbeidstakrarar, men ikkje minst for å gi barna våre eit godt tilbod.

Dette var då også grunnen til at eit samrøystes kommunestyre i 1990 gjorde vedtak om at alle som ynskjer barnehageplass, også skal få eit tilbod. Det er viktig å minna om dette nå, då fleire parti ser ut til å gløymt kva dei var med på.

Ei kommunal nemnd har laga planar om ny barnehage i tilknytning til skulen. Desse planane må nå fylgjast opp, dei mellombelse løysingane som blir brukte for tida, er kostbare og kan aldri bli gode nok.

Det skulle vera kjent for dei fleste at det på Bokn alltid har vore Arbeidarpartiet som har gått i spissen for å sikra og utvida barnehagertilboden, medan dei andre partia motvillig og tvilande har kome diltande etter. Me lovar å kjempa vidare for denne saka, men alt går lettare om også alle andre som meiner dette er viktig for samfunnet vårt også er med og støttar saka på sin kant og sin måte!

Ein forverra service på dette området kan bli dyrt for kommunen - også økonomisk!

Styret for Bokn Arbeidarparti.

17. MAI - KAPPROING

Det blir kaproing i Alvestadkroken før folketoget. Klassane blir menn over 15 år og under 15 år. Same inndeling for kvinner dersom påmelding.

Påmelding til Svein Ove Alvestad
tlf arbeid 52 74 86 65
heime 52 74 86 08
mobil 946 15509

TIL ALLE I BOKN

Er det noko du treng hjelp til? Me kan hjelpe til med t.d. utvendig vasking og måling av hus, rydding og planering av hage m.m.

Ring Bokn Avløysarlag 52 74 84 24

BOKN FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl. 10.00 - 13.30
ONSDAG : kl. 16.00 - 19.00
TORSDAG : kl. 10.00 - 13.30

LESETIPS

BARN OG UNGDOM

Gaarder, Jostein:
I et speil, i en gåte
(Lydbok)

Filipovic, Zlata:
Zlatas dagbok

Nygren, Tord
Sune tar ferie
Sune leter og leter



VAKSNE

Morrison, Toni:
Elskede

French, Marilyn:
Vår kjære far

Grisham, John:
Pelikanrapporten

Undset, Sigrid:
Kristin Lavransdatter
(Ny praktutgåve)



KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

HAGE DAG -10

BOKN
HAGELAG
FEIRER
SITT
ÅRSJUBILEUM

LØRDAG 14 MAI KL 12⁰⁰
STED: BOKN SKOLE.

Denne dagen får vi besøk fra noen
av våre nære „Samarbeidspartnere“
TYSVÆR PLANTESALG: PLANTER - BUSKER
BARK - TRÆR

SANDVIK GARTNERI: SOMMERBLOMSTER
GRØNNSAKSPLANTER

MUSIKK VED BOKN SKOLEKORPS KL.14

Ellers nevner vi: Plantebytting - Salg
Grilling av lam og laks
Salg av pølser - brus -
waffler - kaffi etc.

VI ØNSKER ALLE
VELKOMMEN.

Bokn Hagelag



NB! INGEN PRIVAT PARKERING PÅ
HÅNDBALLBANEN VEST FOR SKOLEN

MILJØ- OG NATURRESSURSPROGRAM (MILJØPLAN) FOR BOKN

Det ligg nå føre eit høyringsutkast til miljø- og naturressursprogram for Bokn.

Ei arbeidsgruppe med ordførar, varaordførar, rådmann, teknisk sjef, helse- og sosialsjef, kommunelege, kulturleiar og miljøvernleiar har hatt ansvar for utarbeiding av planen.

Miljøplanen er ein del av kommuneplanarbeidet og omhandlar utfordringar innan miljøvernarbeidet i kommunen framover.

Temaene i planen er :

- Arealbruk
 - Naturvern
 - Friluftsliv
 - Innlandsfisk
 - Vilt
 - Vannforureining
 - Luftforureining
 - Avfallshandtering
 - Kulturminner (fornminner og nyare kulturminner)
 - Kulturlandskap
 - Nærmiljø
 - Informasjon.
- Haldningsskapande arbeid.

Planen skal nå på høyring til offentlege instansar sentralt og lokalt. Lag og organisasjonar vert også invitert til å gi ein uttale til planen.

JAKTPRØVE 1994

Det blir trening og prøve på fylgjande dagar:

Trening: 26.06. kl. 14.00 - 16.00

Trening: 31.07. kl. 14.00 - 16.00

Prøve: 10.08. kl. 18.00 - 20.00


Prøve: 28.08. kl. 14.00 - 16.00

Bokn Skyttarlag

PREMIAR TIL HUSSTANDANE

Alle husstandane i kommunen vil også få tilsendt eit eksemplar av miljøplanen saman med eit spørjeskjema knytta til planen. Kommunen vonar flest mogleg tek seg tid til å bla i planen og svare på spørjeskjema. Alle som sender tilbake eit utfyllt spørjeskjema vert med i trekninga om fine premiar !!

Første premievinnar kan velge mellom eit gåvekort på kr. 1000 i sportsforretning, ein kompostbinge eller eit gåvekort på kr. 1000,- hos Tysvær plantesalg. Andre til femte premie vert fine bøker om natur og kultur.



FLIS

Bokn kommune har no fått kutta opp kvist og greiner som er samla saman ved skjæringa i fiskerihamna.

Har du bruk for fliskutt så kan du henta det der.

Kuttet kan brukast til kompoststrø, dekke i bed, til stiar o.l.

Teknisk etat

TYSVÆR, BOKN, OLEN, VINDAFJORD, OG ETNE

ENDRINGAR I RENOVASJONSROUTENE I MAI.

torsdag	12.05 - kr. h. fartsdag	" "	torsdag	19.05
tirsdag	17.05 - 17. mai	" "	tirsdag	24.05
mandag	23.05 - 2. pinsedag	" "	mandag	30.05

Gjer merksam på at ein kan levera fleire "Toranessekker" om gongen.

GJENVINNING OG SPESIALAVFALL

Lever ditt spesialavfall og gjenvinningsavfall på fylgjande stader:

Toraneset renovasjonsplass:

- Spesialavfall - t.d. spillolje, batterier, maling, lakk, lim, plantevemiddel, hobbykjemikalier etc.
- Glas.
- Papir
- KFK-gass tappes frå kjøl og fryseboksar

Glas-, papir- og tøycontainarar er utplassert på tettstader i kommunane

Brukte småbatteri

Knappcelle- og oppladbarebatteri skal samlast inn, resten kan kastast.

Det er gratis levering for private.

Åpningstider på renovasjonsplassen:

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag kl. 08.00 - 15.00

torsdag kl. 08.00 - 19.00, lørdag stengt.



Forespurnad om ordninga kan rettast til tlf. 53 76 24 74

TORANESET RENOVASJONSSELSKAP

VÅRSLEPPET

Søndag 24.04 arrangerte BIL en ny landsomfattende marsj: VÅRSLEPPET.

Oppslutningen var ganske bra, hele 40 marsjdeltakere.

Det er planlagt at denne marsjen skal arrangeres 5 år på rad, da har en gått for en fin liten samling av 'pins' med motiv av vårblomster. (Neste gang voi drar dere opp av go'stolen blir til 4-bruersløpet 26. juni).

BIL



OPPBAVARING AV GASSFLASKER

Ein ber huseigarar/gardbrukarar som oppbevarer og bruker acetylengass om å kontrollera at lokalet er skikkeleg merka med skilt om at lokalet har gass under trykk.

Gassflaskene bør lagrast ved utgangsdøra slik at dei lett er tilgjengelege for brannmannskapa ved ein eventuell brann.

Hugs å ha eit pulverapparat i nærleiken når du sveiser!

Acetylenflasker som er oppheita (så varme at du ikkje kan ta på dei) kan vera livsfarlege. Sørg for avkjøling eller gå i dekning.

Brannsjefen

KONFIRMANTAR

7. mai (borgarleg):
Bianca Mari Alvestad

8. mai:

Anja Cecelie Alvestad
Tor Harald Alvestad
Åsmund Alvestad
Magnus Blikshavn
Elin Borgenvik
Nina Aksdal Hansen
Roger Jøsang
Bernt Helge Olaussen
Richard Skår
John Øvrebø

SPELEPLAN FOR A-LAGET HEIMEKAMPAR

Laurdag 07.05. kl. 15.00 Bokn - Sandal
Fredag 27.05. kl. 19.00 Bokn - Jelsa
Laurdag 11.06. kl. 16.00 Bokn - Karmøy
Fredag 17.06. kl. 19.00 Bokn - Haugar
Fredag 05.08. kl. 19.00 Bokn - Storhaug
Onsdag 17.08. kl. 19.00 Bokn - Åmøy
Fredag 02.09. kl. 18.30 Bokn - Nylund
Fredag 16.09. kl. 18.00 Bokn - Vats G4
Sundag 09.10. kl. 15.00 Bokn - Suldal

SPELEPLAN FOR GUTAR HEIMEKAMPAR

Torsdag 05.05. kl. 18.00 Bokn - Skånevik
Torsdag 09.06. kl. 18.00 Bokn - Bjoa
Torsdag 25.08. kl. 18.00 Bokn - Skånevik
Torsdag 22.09. kl. 17.30 Bokn - Bjoa

BOKN-LAGET FEKK 16 POENG

I historiekonkurransen "MANNS MINNE" som NRK-lokalen har programserie om nå, gjorde Bokn-laget ein bra innsats. Dei var 'på lufta' tysdag den 26. april og tevla med 3 frå pensjonistforeninga til Felleskjøpet Rogaland/Agder. Midtvegs i tevlinga såg det ikkje så lyst ut for Bokn-laget, men dei tok seg fint inn att mot slutten. Dei tre frå Bokn var Kjell Kro, Solveig Ellingsen og Sigvart Våga. Felleskjøpet sitt lag fekk 21 poeng og går vidare i tevlinga.



STØTTEKONTAKT/ BESØKSHEIM

Bokn kommune har frå tid til anna behov for å knyta til seg familiær som kan tenkja seg å vera besøksheimar for born i kommunen.

Me søker etter ordinære familiær med og utan eigne born som har tid og overskot til born som treng miljøskifte og nye erfaringar for kortare tid.

Dette kan vera både i helger og vekedagar.

Me er og interessert i å koma i kontakt med eldre ungdom og vaksne som kan tenkja seg å vera støttekontakt på fritida.

Ta gjerne kontakt for ein uforpliktande samtale og for meir informasjon.

Bokn kommune
v/Eva Moi
Barnevernleiar



SOMMARJOBB I TEKNISK ETAT

Teknisk etat søker etter 2 sommarvikarar i perioden f.o.m. veke 25 t.o.m. veke 30.

Oppgåvene vil omfatta utandørs maling og parkmessig vedlikehald.

Søkjarar må vera fylt 18 år og helst ha førarkort.

Skriftleg søknad må vera sendt teknisk etat innan den 24. mai 1994. Hugs å oppgi i kva 3-vekers periode du ynskjer å jobba.

Teknisk sjef



BOKN BRANNVESEN

Det er ledig to stillingar som deltidsmannskap ved Bokn brannvesen.

Brannvesenet har ingen vaktordningar, men mannskapa er forplikta til å bera personsøkjár døgnet rundt for mottak av brannmelding. Gjennomsnittleg er det ca. 9 øvingar/utrykningar pr. år.

Tidlegare brannvernoplæring vil vera ein fordel, og ein må vera villig til å ta opplæring som røykdykkar. Helseattest vil bli krevd.

Årleg fast godtgjersle er for tida kr. 6.200,-. I tillegg kjem godtgjersle for utrykkingar og øvingar.

Skriftleg søknad må vera sendt Bokn brannvesen innan den 20.05.94.

Brannsjefen

HYBEL/LEILIGHET

Bokn kommune har behov for hybler/leiligheter til kommunalt tilsette. Dersom du vil leiga ut - ta kontakt med Bokn kommune, tlf. 52 74 85 00.

Rådmannen

AVLØYSARAR

Er du interessert i helgeavløysing? Ring Bokn Avløysarlag 52 74 84 24

EGG

Er på plass med egg lørdag den 7.mai kl. 11.30 - 13.00.
Jostein Hervik



LEDIGE STILLINGAR I PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

Frå 1. juli 1994 har vi i Bokn kommune ledige stillingar som:

Pleie- og omsorgsarbeidarar 50% (faste stillingar)

" (vikariat) 50% (til 30.10.94)

" (vikariat) 75% (til 20.02.95)

Vi vil vidareføra modellen med samordna tenester i pleie- og omsorgstenesta.

Arbeidsoppdraga vil difor variera ein god del, med arbeid både i sjukestova og heimebasert omsorg. Arbeidet vert lagd i turnus med vakt kvar 3. helg, og vil innebera dag, kveld- og nattevakter, samt heimehjelpsoppdrag/omsorgsoppgåver i åpen omsorg. Ein må kunna disponera bil i arbeidet.

Ved tilsetjing vil ein leggja vekt på helsefagleg utdanning/praksis/og om søkeren er egnar for stillinga.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. Tilsette må retta seg etter evt. endringar i arbeidsområdet. Løn etter overenskomst.

Opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller oversjukepleiar, tlf. 52 74 85 00, linje 125 eller 121.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune v/ Rådmannen, 4290 Bokn innan 9. mai 1994.

RENHOLDERE

Haugaland Rengjøringsservice A/S ønsker renholdere (vikarer) på Kårstø. Henvendelse Astrid Tvedt, tlf. priv. 52 77 39 53, jobb 52 77 24 71.

PLENKLIPPER m/oppsamler

til salgs kr. 1.600,-. Kjøpt mai -93
tlf. 52 74 85 19

BLOMSTER, PRYDBUSKAR OG TRÆR TIL SALGS

i Føresvik på tysdagar frå kl. 10.30.
Første dag tysdag 3. mai.
Stort utvalg og rimelege planter.

SKJOLD PLANTESALG

BOKN BYGDABLAÐ

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLAÐNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
1/4 side: kr. 75,-
1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonser: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 04.05: Kino
14.05: Hagelaget har 10-års jubileum.
Sjå eigen omtale.
17.05: Tradisjonell nasj.dag-feiring.
28.05: Dans. Arr: Bokn Swingklubb.



TAKK

Takk for all deltaking ved Ragna
Trosvåg si gravferd.
Øystein Trosvåg
Familien

Hjarteleg takk for helsingar og gåver
på 75 års dagen min.
Hans Hetland

HJARTELEG TAKK

for all oppmerksomhet og medkjensla
ved vår kjære Målfrids bortgang.
Kjell m/ familie.

FOTPLEIE

Onsdag den 11. mai.
Påmelding snarast i tlf. 52 74 85 00

- 08.05: kl. 11: Konfirmasjonsgudst. v/
sokneprest Aurdal. Offer til
soknerådkassen.
17.05: kl. 12.30: Gudsteneste v/
sokneprest Aurdal. Offer til
Kirkens Nødhjelp.

SUNDAGSSKULEN

29. mai
Kyrkjebygd skule kl. 14.00
Det blir ikkje sund.skule 15. mai

LENSMANN
1. fredag kvar mnd. kl. 10 - 12 i
Boknatun

BONDEKRO
Onsdag 4. mai på Are.
Bokn Bondelag